



Oppover i skogen til venstre skal hyttene byggjast. Fylkesvegen nede til høgre

Planen som Stavangermannen Tor Arnt Puntervoll har hatt i 30 år om utbyggjing ved Rødshagen kjem no eit steg næmare realisering. Til veka vil forvaltningskomiteen truleg vedta å leggja det private forslaget om byggjing av hytter og naust ut til offentleg ettersyn med den justering at stigningstilhøve for vegar samt fyllingar og skjæringar vert synleggjort. Puntervolls hovudutfordring no vert å utvikla tilkomsten til fylkesvegen og feltet i høve til landskapestetiske omsyn,

Området er ikkje vurdert som landbruksmessig interessant og det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne der sjølv om det kan vera eit visst potensiale for det.

Nær- og fjernverknad er eit viktig moment i planleggjinga og krever harmonisk tilpassing til terrenget og ansvarleg omgang med vegetasjonen. Antall bygg kan snart verta svært dominerande og administrasjonen meiner at minst eit bør fjernast.

Ynskje frå nabo har ført til at berre to femtedelar av området er planlagt. Eksisterande natur skal det takast vare på.

Tekst og foto:Ola Matti Mathisen